

RETNINGSLINER

FOR

TILDELING AV KULTURMIDLAR M M

Gjennom tilskot til ålmenne kulturføremål vil Meland kommune vere med å stimulere til at positive kulturaktivitetar som er i kommunen vert oppretthaldne og at nye kan kome til.

Generelle vilkår:

- Grupper, lag, organisasjonar og einskildspersonar, som ikkje har fast offentleg støtte, kan søkje. Komite for kultur og oppvekst avgjer ut frå budsjett og prioriteringar kven som får tilskot, jfr. punkt 3.
- Tiltak, prosjekt og aktivitetar går framfor drift av interesseorganisasjonar.
- Barne- og ungdomsarbeid vert prioritert
- Idrettsrådet i Meland vert høyringsorgan for tildeling av tilskot til idrettslag. Dette gjeld også når det i budsjettåret vert løyvd ekstra midlar til idrettsføremål. Viser til sak 49/93 i IKU sitt møte 08.10.93.
- Meland song- og musikkråd vert høyringsorgan for tildeling av tilskot til song- og musikklag.

PUNKT 1

GRUPPE 1) TILFELDIGE TILSKOT

A) **Konsertar, tilstellingar, andre kulturarrangement der frivillige lag og organisasjonarer tilskipar.**

Etter søknad vert det gjeve stønad til dekking av underskot med maks inntil kr 3 000. Det vert kun gjeve stønad til maks 2 underskotsgarantiar per lag per år. Utover dette vert søknadene lagt fram for komite for kultur og oppvekst.

Søknadsfrist: Heile året

B) **Jubileumsgåver.**

Ved 25, 50 og 75-årsjubileum – gåveverdi på kr 1 000.
Andre jubileum kr 500.

Her må ein samarbeide med formannskap/sentraladministrasjonen, slik at ein praktiserer like regler for kommunale gåver/representasjon.

C) **Leiaropplæring/stipend.**

Til kursutgifter kr 500 per deltakar per år for inntil maks 5 (fem) personar. Det vert kun gjeve stønad til maks 2 kurs i leiaropplæring per lag per år. Dette gjeld også for MSMR (Meland sang- og musikkråd) og MIR (Meland idrettsråd).

Det kan gjevast stipend til ungdom som syner gode prestasjonar innafor kulturområdet og som vil utvikle seg vidare. Herunder gjeld også deltaking på sumarskular i regi av kulturskulane.

Søknadsfrist: Heile året.

D) **Deltaking i konkurranse.**

Komite for kultur og oppvekst vil etter søknad gje tilskot til deltaking i NM og høgare.

Søknadsfrist: Heile året.

E) Andre tilfeldige søknader gjennom budsjettåret.

Komite for kultur og oppvekst kan etter søknad gje tilskot gjennom heile året til andre tiltak innafør kulturområdet som kjem utanom punkt A, B, C og D i gruppe 1.

Søknad om tilskot til ulike føremål skal i regelen liggje føre før tiltaket er iverksett. Med søknaden skal det være kostnadsoverslag og finansieringsplan for tiltaket det er søkt om. Tilskot som ikkje er nytta, gjort krav på, innan 1. desember kvart år vert ikkje utbetalt.

GRUPPE 2) ALMENNE KULTURMIDLAR/ANDRE TILSKOT.

Gruppeinndeling:	1)	Song / musikk
	2)	Idrett
	3)	Barne- og ungdomsarbeid
	4)	Andre lag

Kriterier som skal vektleggjast:

- medlemstal
- aktivitet
- yngre medlemmer tel meir
- allsidigheit og kvalitet på aktivitetane skal leggjast til grunn.
- eigeninnsats (m a kontingent) som står i høve til drift (styre- og medlemsmøte) av laget

Det er eit krav at siste års årsmelding og rekneskap/sluttsum for grupper, lag og organisasjonar vert lagt ved søknaden. Rekneskapstala kan ferast på side to i søknadsskjemaet. Eigenkapital og fond må og gjevast opp.

Lag og organisasjonar som rekrutterar medlemmer i Nordhordlandsregionen må oppgi talet på medlemmer busett i Meland i tillegg til det totale medlemstalet.

Ufullstendige søknader vert returnert søkjaren.

Alle lag/organisasjonar som får tildelt kulturmidlar skal gje gratis adgang for følgjepersonell til sine aktivitetar for personar med ledsagerbevis, jfr. KKO-sak 106/95, vedteke i møte 22.10.96.

Søknadsfrist: 1 mars.

Andre tilskot til :

- ombygging av forsamlingslokale/nybygg
- opparbeiding av leikeplassar
- kulturvern

Tilskot til opparbeiding av leikeplassar i buområde kan gjevast med inntil 50% av samla kostnad, medrekna eventuell dugnad, og opp til kr 20 000 per leikeplass. Tilskotet kan delast på 2 år.

Dersom forsamlingslokalet vert overdrege til privat eige før 10 år etter at det er gjeve tilskot må tilskotet betalast attende med kr 1 000 mindre for kvart år som er gått etter utbetaling.

Søknadsfrist: 1. mars

Kulturprisen

Vert tildelt kvart 4. år mot slutten av kommunestyreperioden.

Prisen skal tildelast ein person eller gruppe/eit lag som har gjort seg særskilt fortent til ei slik påskjøning for innsats og arbeid i kultursektoren – lagsarbeid, lokalhistoriearbeid, kunstnarleg verksemd, eller verdiskapande arbeid blant barn/unge/eldre.

Frist for å melde opp kandidater er: 1. juni i tildelingsåret.

PUNKT 2.

Administrasjonen får fullmakt til å handsame saker etter pkt. 1 A – C (første avsnitt) etter gjevne stønadsatsar.

Tildelingar utover desse satsane skal leggjast fram for komite for kultur og oppvekst.

Administrasjonen får fullmakt til å handsame saker etter pkt. 1 C (stipend), D og E opp til ei maksimumsgrense på inntil kr 3 000.

Søknader innafor gruppe 2 – allmenne kulturmidlar, investeringstilskot og kulturprisen vert lagt fram for komite for kultur og oppvekst til politisk handsaming. Søknadene skal på førehand gjennomgåast av ein underkomite, samansett av leiar, nestleiar og kulturkonsulenten, jfr KKO-sak 38/97.

PUNKT 3.

Administrasjonen skal ved byrjinga av kvart budsjettår fordele midlane på ansvar 500 art 14700 til ymse føremål som skal vere retningsgjevande for administrasjonen sitt arbeid.

Administrasjonen får likevel høve til å vurdere anna bruk av kulturmidlar i gruppe 1 og 2 for å følge opp satsingsområdet innafor kultur.

PUNKT 4.

Retningslinene vedtekne i KS-sak 77/97 med endringar i KS-sak 039/03 vert gjort gjeldande frå 1. juli 2003.

Orientering om vedtaket vert sendt lag/organisasjonar som har søkt om kulturmidlar i 2003, samt kunngjort i kommunal informasjon.

G:\KULTUR\KULTUR DIVERSE\DIVERSE RETTNIGSLIN\regl kulturmidlar.rtf